Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg:	**Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested:	Teams
Dato:	23.09.2026
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

-

ST 34/2026 Orienteringar
- Status for tiltak, prosjekt og nye saker v/forvaltarar

- Orientering frå styreleiarsamlinga på Lillehammer/Teams 3.sept. 2026, forvaltarar og Mariann Skotte deltok frå Reinheimen

- Reinheimen 20 år - litt frå jubileumsturen 6.sept i Ottadalen Ivo v/forvaltar og Morten Kielland deltok frå Reinheimen

- Endring møteplan - Styremøte og møte med rådgjevande utval - Åndalsnes onsd.18.-torsd.19.november

ST 35/2026 Referatsaker og **ST 36/2026 Delegerte saker**
Dersom styremedlemmar ønskjer å få tilsendt dokument i referatsaker eller delegerte saker før styremøte så ta kontakt med forvaltar så kan vi sende på e-post.

Minner om at alle delegerte vedtak ligg tilgjengeleg i miljøvedtaksregisteret:
Miljøvedtaksregisteret

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-Saksnr
ST 33/2026	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 34/2026	Orienteringar		
ST 35/2026	Referatsaker		
	Referat etter møte med Øvstestøl seterlag 06.08.2026 -oppfølging av garasje		2020/10986
	Attendemelding - Finndalen LVO - Ottadalen LVO - Vågå - Bismo - motorferdsel - 2026 - helikopter - synfaring langs kraftlinje - Helitrans Norge AS		2026/7507
	Nyval av medlem - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - valg og konstituering - 2024 - 2027		2023/10558
	Innspel - ny høring - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - kommuneplan - Rauma - samfunnsdel - 2026 - 2038		2026/4060
	Vedtak - Reinheimen NP - Fjord - motorferdsel - 2026 - helikopter - utsetting av fisk - Norddal fjellstyre		2026/9628
	Tilrådning - ny organisering - utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2024/13634
	SV: Oppfølging møte om jakt og felling i verneområder		2025/12011
	Underretning om avgjørelse i sak - brot på verneforskrifta - Finndalen LVO - 2024 - ***** ***** ***** ***** ***** ***** ***** ***** ***** *****	X	2025/1194
ST 36/2026	Delegerte saker		
DS 49/2026	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Tunga - motorferdsel - 2026 - 2027 - bil - motorbåt - Arild Henrik Seyffarth		2026/6831
DS 50/2026	Delegert vedtak - Reinheimen NP - fylkesveg 63 - Trollstigen - bruk av drone - 2026 - 2030 - kartlegge og inspisere fjellsider - Møre og Romsdal fylkeskommune		2026/6026
DS 51/2026	Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Tunga - motorferdsel - 2026 - 2029 - bil - motorbåt - Vilhelm Seyffarth		2026/7502
DS 52/2026	Tafjorden-Reindalen LVO - Fjord 4/37 - Tafjordsætra - motorferdsel - 2026 - ATV - Are Tafjord		2026/7242
DS 53/2026	Delegert sak - Finndalen LVO - 2026 - tilkomstveg til nydyrking 201/1/4 - Tore Bråten		2026/4361

DS 54/2026	Delegert sak - Tafjorden-Reindalen LVO - 2026 - 2027 - arealrepresentativ naturovervåking for våtmark - ANO - Norsk institutt for naturforskning - NINA	2026/9369
DS 55/2026	Delegert sak - avslag - Reinheimen NP - bruk av drone - 2026 - dokumentarfilm - Chirantan Ghosh	2026/7366
DS 56/2026	Delegert sak - avslag - Reinheimen NP - Rauma - Trollveggen - bruk av drone - 2026 - prøveflyging - fremtidige redningsaksjoner - Midt-Norge 110-sentral IKS	2026/8520
DS 57/2026	Søknad - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Tunga - Ulvådalsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2027 - bil - motorbåt - snøskuter - Vilhelm Seyffarth	2026/7502
DS 58/2026	Ottadalen LVO - dispensasjon - 2026 - rypetaksering - Skjåk Almenning	2026/9000
ST 37/2026	Ottadalen LVO - dispensasjon - byggetiltak - 2026 - utbedring av fiskebu - Honnsjoen - Thorstein Steinehaugen	2026/1373
ST 38/2026	Romsdalen LVO - dispensasjon - oppgradering av vegstrekning Flatmark - Monge - reguleringsplan - 2026 - Nye Veier	2024/7864

ST 33/2026 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar
ST 34/2026 Orienteringar
ST 35/2026 Referatsaker
Referat etter møte med Øvstestøl seterlag 06.08.2026 -oppfølging av garasje
Attendemelding - Finndalen LVO - Ottadalen LVO - Vågå - Bismo - motorferdsel - 2026 - helikopter - synfaring langs kraftlinje - Helitrans Norge AS
Nyval av medlem - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - valg og konstituering - 2024 - 2027
Innspel - ny høring - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - kommuneplan - Rauma - samfunnsdel - 2026 - 2038
Vedtak - Reinheimen NP - Fjord - motorferdsel - 2026 - helikopter - utsetting av fisk - Norddal fjellstyre
Tilrådning - ny organisering - utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen
SV: Oppfølging møte om jakt og felling i verneområder
Underretning om avgjørelse i sak - brot på verneforskrifta - Finndalen LVO - 2024 - *** ***** ***** ***** ***** ***** ***** ***** ***** *******
ST 36/2026 Delegerte saker
DS 49/2026 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Tunga - motorferdsel - 2026 - 2027 - bil - motorbåt - Arild Henrik Seyffarth 2026/6831
DS 50/2026 Delegert vedtak - Reinheimen NP - fylkesveg 63 - Trollstigen - bruk av drone - 2026 - 2030 - kartlegge og inspisere fjellsider - Møre og Romsdal fylkeskommune 2026/6026
DS 51/2026 Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Tunga - motorferdsel - 2026 - 2029 - bil - motorbåt - Vilhelm Seyffarth 2026/7502
DS 52/2026 Tafjorden-Reindalen LVO - Fjord 4/37 - Tafjordsætra - motorferdsel - 2026 - ATV - Are Tafjord 2026/7242
DS 53/2026 Delegert sak - Finndalen LVO - 2026 - tilkomstveg til nydyrking 201/1/4 - Tore Bråten 2026/4361
DS 54/2026 Delegert sak - Tafjorden-Reindalen LVO - 2026 - 2027 - arealrepresentativ naturovervåking for våtmark - ANO - Norsk institutt for naturforskning - NINA 2026/9369
DS 55/2026 Delegert sak - avslag - Reinheimen NP - bruk av drone - 2026 - dokumentarfilm - Chirantan Ghosh 2026/7366
DS 56/2026 Delegert sak - avslag - Reinheimen NP - Rauma - Trollveggen - bruk av drone - 2026 - prøveflyging - fremtidige redningsaksjoner - Midt-Norge 110-sentral IKS 2026/8520
DS 57/2026 Søknad - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Tunga - Ulvådalsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2027 - bil - motorbåt - snøskuter - Vilhelm Seyffarth 2026/7502
DS 58/2026 Ottadalen LVO - dispensasjon - 2026 - rypetaksering - Skjåk Almenning 2026/9000

Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2026/1373-2 **Saksbehandlar:** Kristine Sørlie **Dato:** 16.09.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	37/2026	23.09.2026

Ottadalen LVO - dispensasjon - byggetiltak - 2026 - utbedring av fiskebu - Honnsjoen - Thorstein Steinehaugen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Thorstein Steinhaugen dispensasjon til å rive den gamle fiskebua og erstatte den med ei ny fiskebu (159/1/15) på Liaholmen i Honnsjøen. Arealet på ny fiskebu skal vera i samsvar med gjeldande retningsline i forvaltningsplanen om utviding på inntil 30% av eksisterande areal på vernetidspunktet.

Riving av den gamle fiskebua og erstatte den med ein ny bu vil etter nasjonalparkstyret si vurdering gje mindre samla belastning for økosystemet i området og vil ikkje vera i strid med verneføremålet.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Ny fiskebu skal settast opp på same tomt som den gamle fiskebua.
2. Eksisterande fundamentet med ringmur kan forsterkast ved å støype ny grunnmur utanpå den gamle. Grunnmuren kan hevast slik at høgda målt frå bakken blir inntil 15 cm. Fundamentet kan forlengast i bredde og lengderetning tilpassa arealet på den nye fiskebua.
3. Arealet på den nye fiskebua skal være inntil 26,9 m^2 (4,2 x 6,4) målt utvendig. Mønehøgde på gavlveggen skal være inntil 3,5 meter målt frå grunnmuren.
4. Ny fiskebu kan byggast i stav og laft som skissert i søknaden.
5. Utvendig kledning skal vera ståande panel og vera ubehandla for naturleg gråning, alternativt påførast ei naturleg olje som trekker inn i veden.
6. Det kan settast inn totalt inntil 5 vindauge med ruteinndeling som vist på skisse i søknaden. Innramming av vindauga skal påførast same farge som på veggen.
7. Takmaterialet skal ha ei matt overflate som ikkje blir eksponert i høve til omgjevnaden.
8. Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2029**.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at tiltaket også må avklarast med Lom kommune for vurdering av dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - oppføring av fritidsbustad i LNF(R)- område.

Søknad om helikoptertransport av nye bygningselement/byggemateriale for oppsetting av fiskebu og uttransport av rivingsmaterialar skal avklarast nærare med nasjonalparkforvaltar, slik at transporten blir tilrettelagt med færrast mogleg turar, og at ein unngår uroing av villrein i sårbare periodar av året.

Det blir gjort merksam på at SNO-Reinheimen vil kunne kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Nasjonalpark Reinheimen
Naturreservat Brettingsmoen
Landskapsvernområde Tafjorden-Reindalen, Trollstigen, Romsdalen, Lordalen, Finndalen, Ottadalen

Dokument i saka26

- Søknad frå Thorstein Steinhaugen, 27.01.2026
- Uttale frå Bygningsrådgjevar i Gudbrandsdalsmusea, 03.03.26
- Merknader frå Statskog til tiltaket, e-post 15.09.23

Saksopplysningar

Søknaden


Torstein Steinhaugen søkjer om å restaurere og utvide si private fiskebu som ligg på Liaholmen i Honnsjoen i Ottadalen landskapsvernområde.

I søknaden står følgande:
Eg er eigar av ei fiskebu med tilhøyrande naust på Honnsjoen i Lom. Hytta er bygd ca 1950 og merker alderen. Eg må derfor gjere noko med hytta for at den skal være brukande og ynskjer å gjere det skikkeleg slik at den kan stå i nye 80 år. Hytta har 20,7 m2 BTA er bygd i reisverk, og har godt takutstikk. Hytta har råteskader i golv, utvendig kledning, dør og glas. Innvendig tak har vorte noko salryggja og må rettast.
Hytta har ei grunn fundamentering og står nok delvis på nokre mur/betongfundament, ser at desse betong/mur fundamenta har sprekker.

På Liaholmen ligg det og andre fiskebuer, desse har ei samansetning av både laft og reisverk. Gammelbua er ei lita laftahytte, ei anna bu er og ei laftekasse som er delvis innkledd. Og det er to buer i reisverk.

Eg ser to alternativ:

Alternativ 1:
Er å rive hytta, setje opp ny på skikkeleg grunnmur.
Dette alternativet er nok det enklaste, med tanke på å gjera ei ny hytte nede i bygda og fly den opp i element.
Dette har stutt byggetid og er mest skånsomt for natur og miljø.
Skisse av hytte er vedlagt. Denne er 6 m2 større.



Alternativ 2:
Restaurere hytta og søkje om eit mindre tilbygg.
Her må eg gjere same tiltak som det nyleg har vore gjort på ei anne fiskebu her., forsterke og støype ny grunnmur utanpå den gamle hytta, lekte ut og ha på ny ytterkledning.

I tillegg må eg ha inn nye glas og ytterdør, samt forsterke taket.
Om dette da er det alternativet som eg må gå for ynskjer eg om å søkje ei utviding av hytta på 6 m2, og dette må da gjerast i lengderetning mot aust.

Vedlagde foto av fiskebua på Liaholmen:







Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Føremålet med Ottadalen landskapsvernområde er å:

- *ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høgfjellsområde*
- *ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med særleg vekt på villreinstammen i Ottadalen nord*
- *ta vare på kulturminne mellom anna knytt til vatningsanlegg.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Ottadalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3. a), gje løyve til:

a) Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for byggjskikk, tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar utdjupa, jf. retningsliner pkt. 10.4.2 frå s. 143:

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b.
Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- *Materialval*
- *Byggjeteknikk*
- *Utforming og farge,*

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.

Nye bygg § 3, 1.1.
Nye bygg tillatast ikkje oppført.

***Vedlikehald § 3, pkt 1.2, a**.*
Direkte heimla i verneforskrifta er normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, dører, glas og tak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad.

Alle former for fasadeendringar og utvidingar er søknadspliktige i landskapsvernområdet.

Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar som fører til endra bruk av bygget. Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene. Val av skarpe fargar til utvendig maling, blanke blikktak m.m. på bygningar som ikkje hadde dette frå før er å rekne som fasadeendringar. Bordkledning av tømmerhus reknast som ei søknadspliktig fasadeendring.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Tilbygg og ombygging § 3, pkt. 1.3, a.
Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

Verneforskrifta viser til at forvaltningsplanen skal gje retningsliner for tilbygg og utviding av eksisterande bygningar. Ut frå verneformålet er det ikkje formålstenleg å opne for vesentleg utviding av eksisterande hytter. Ein kan likevel sjå at det kan vere behov for mindre utvidingar i samband med tilpassing av bygg og behov for uthusfunksjonar.

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta etter søknad tillate ei mindre utviding av bygningen på inntil 30 % av eksisterande areal på vernetidspunktet, men likevel slik at samla areal ikkje overstiger 75 m2 (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Det vil ikkje bli gjeve løyve til å byggje uthus/do for ei enkeltståande hytte.

For landbruksbygg skal arealet tilpassast driftsmessige behov.»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttes for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt

spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, utgjeve av Miljødirektoratet i 2014.

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova § 7 om miljørettslege prinsipp, jf.§ 8 kunnskapsgrunnlag, § 9 føre-var prinsippet, § 10 samlet belastning på økosystemet, § 11 kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt § 12 miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015. – *slette dersom det ikkje er byggesak*

Vurdering

Det er søkt om to alternativ enten rive den gamle og byggje ny hytte som er 6,2 m^2 større, eller å restaurere den gamle og bygge på 6 m^2 i bua sin lengderetning mot aust.

På Liaholmen er det i dag 6 bygg som mindre fiskebuer og utedo/uthus. Bygningsformane er ulike men er i hovudsak små bordkledde buer og nokre få gamle laftekasser. Buene står på ringmur eller betongsåle.



Båtskyss til Liaholmen


austre gavlvegg


sørveggen med inngangsdør


vestre gavlvegg

 nordveggen

Forvaltar gjennomførte synfaring 30.06.26 der søkjar orienterte om tiltaket. Det gjekk klart fram at hytta treng renovering både innvendig og utvendig, og at den har råteskadar i golv, kledning dør og glas. Alle foto over er frå synfaringa 30.juni.

Dersom hytta skal renoverast der den står og byggast på vil det bli eit omfattande tiltak som også krev riving av all utkledning, tak og oppattaking av golv mm. I prinsippet vil restaurering (alt.2) bli meir omfattande tiltak enn om ein bygger ny hytte nede i bygda og flyr den inn i element for oppsetting på same tomt.

Søkjar ønskjer fyrst og fremst å rive den gamle fiskebua og sette opp ny bu på god grunnmur. Oppføring av ny fiskebu (alt.1) på same tomt vil også kunne gjennomførast på stuttare tid og synest å være det mest skånsame alternativet.

Det er henta uttale frå bygningsrådgjevar om tiltaket, som mellom anna skriv følgjande i e-post: «- *eg held ein knapp på alternativ 1. (utan tanke for presedens... og utan å ha sett innvendig) Han får moglegheit til å ha ein rimeleg effektiv byggeprosess, får bua opp frå bakken og kan ha fokus på god skikk, gode material.»*

Statskog har som grunneigar heller ingen merknader til tiltaket og skriv i e-post 15.09.26:
«I Statskogs registre er denne bebyggelsen registrert som hytte/fritidsbolig med tilhørende naust. I slike saker legger vi til grunn kommunens retningslinjer for fritidsbebyggelse.
På denne bakgrunnen har Statskog ingen merknader til den omsøkte restaureringen/ombyggingen. Denne typen saker sendes heller ikke til det lokale fjellstyret for uttalelse.»


Tiltak som gjeld riving av eksisterande bygg, for oppføring av ny hytte, er rekna som oppføring av nybygg, og tillatast ikkje, jf. verneforskrift for Ottadalen Ivo, § 3, pkt. 1.1.

I forvaltningsplanen står det at nye bygg ikkje tillatast oppført. Det er ikkje heimel i verneforskrift for å rive og føre opp ny hytte , og det må derfor gjevast dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 for at riving og oppsetting av ny hytte er lovleg.

Verneforskrifta og forvaltningsplanen for Ottadalen Ivo har teke høgde for at det kan vera behov for mindre ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i Ottadalen Ivo. Men i forvaltningsplan er det også presisert at bygningar i dette område ligg i eit ope og sårbart høgfjell, derfor vil det vere strenge restriksjonar på utviding/tilbygg.

Ein skal og vera restriktiv med å tillate bygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar i denne delen av verneområdet. Bruken av området er i hovudsak knytt til

utmarksbeite, enkelt friluftsliv og jakt/fiske. Men fyrst og fremst er området ein del av dei sentrale trekk og beiteområda til villrein. Liafjellet aust for Honnsjøen peikar seg ut som det viktigaste område som vinterbeite til villrein. Det er mye dyr i området på vinter/vår da omlag 2000 dyr trekker frå Liafjelltangen og vidare nordaustover ved Honnsjøen til kalvingsområde og sommarbeite. I kartet under er trekkområdet vist ved det blå feltet, og det rosa feltet. Hytta er markert i den raude trekanten.



Leveområdet til villrein, med vekt på vinterbeite og villreintrekk gjer at retningslinene i forvaltningsplan er strenge ved vurdering av presedens i samband med byggetiltak i Ottadalen lvo. Kunnskapen om naturverdiar og villrein sin arealbruk i området, sist oppdatert gjennom kvalitetsnormen (2020), og scenarioanalyse for Puttbudalen (NINA 2023), er god, jf. naturmangfaldlova § 8. Dei årlege villreinteljingane til Reinheimen-Breheimen Villreinutval sørger også for god status for villrein sin bruk i dette området. Den mest sårbare tida på året for villrein i dette området er vintersesongen, men buene på Liaholmen er hovudsakleg nytta i samband med fiske og jakt sommar og haust, og vil ikkje vera i konflikt med villreinen sin bruk i området i nemneverdig grad.

Riving av eksisterande fiske bu og oppføring av ny fiskebu som er 6,2 m^2 på same tomt vil ikkje føre til endra bruk eller verke skjemmande i landskapet. I forvaltningsplanen står det at det er aksept for tilbygg for ei mindre utviding av eksisterande bygning på inntil 30 % av eksisterande areal på vernetidspunktet. Eksisterande fiskebu har eit areal på 20,7 m^2 BTA (bruttoareal, målt utvendig). Ei utviding på 6,2 m^2 (BTA) utgjer 30 % av eksisterande areal og er i innafor forvaltningsplanen sine retningsliner. Oppføring av ny hytte på same tomt vil også innordne seg noverande bygningsmiljø og vera i samsvar med byggeskikken i området.

Inngrepet vil kunne påverke landskapet det ligg i. Det betyr at ein ikkje skal vurdere tiltaket isolert, men også opp mort andre tiltak for å unngå ein bit-for-bit reduksjon av verneverdiane. I Ottadalen lvo er det over 50 husvere av ulik storleik og standard og det vil vera behov for vedlikehald og byggetiltak etter ulike behov i området. Riving i dette tilfelle og oppføring av ny fiskebu som er utvida inntil 30 % av den gamle fiskebua, er innafor retningsliner i forvaltningsplanen og vil neppe føre til at samla belastning på området kjem over akseptabelt nivå, jf. Nml § 10 «*økosystemtilnærming og samla belastning*».
Tiltaket vil ikkje føre til endra bruk, eller skape uheldig presedens som utholar vernereglane.

Det er viktig å presisere at byggetiltak knytt til eksisterande bygg i verneområdet ikkje er ein rettigheit, men at vernemyndigheiten kan gje dispensasjon, dersom tiltaket oppfyller vilkår i samsvar med vernereglane og naturmangfaldlova.

Uti frå ei samla vurdering er vilkår for å kunne gje dispensasjon til riving og oppføring av ny fiskebu på Liaholmen etter naturmangfaldlova oppfylt. Tiltaket vil ikkje endre landskapet sin art eller karakter, eller verke skjemmande i landskapet. Riving av den gamle fiskebua og oppføring av ny bu gir ein effektiv byggeprosess, da dei ferdige bygningsdelane må flys opp med helikopter på barmark, mot mange snøscooterturar på vinterføre i den mest sårbare tida på året. Gjennomføring av tiltaket, alt.1 i søknaden, vil gje ein mindre samla belastning for økosystemet i området, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet.

Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2024/7864-16 **Saksbehandlar:** Mari Melbø Rødstøl **Dato:** 16.09.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	38/2026	23.09.2026

Romsdalen LVO - dispensasjon - oppgradering av vegstrekning Flatmark - Monge - reguleringsplan - 2026 - Nye Veier AS

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen lvo. § 3 punkt 1.3 bokstav m), får Nye Veier AS løyve til omlegging av veg og rassikring som skildra i søknaden datert 02.06.2026 *(Søknad om dispensasjon fra Forskrift om verneplan for Reinheimen, vedlegg 2. Vern av Romsdalen landskapsvernområde, Norddal og Rauma kommunar, Møre og Romsdal).*

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

1. Ansvar og oppfølging

- Dispensasjonen er gjeven til Nye Veier AS. Dersom ansvaret for bygging eller drift av vegen blir overført til annan aktør, overtek denne også ansvaret for å oppfylle vilkåra i dispensasjonen. Nye Veier AS skal informere ny ansvarleg om dette.
- Nasjonalparkstyret ved forvaltar skal inviterast til møte og/eller synfaringar minst kvart halvår i anleggsperioden, eller oftare ved behov. Forvaltar skal haldast orientert om framdrift og oppdateringar av YM-plan, rigg- og marksikringsplan og andre relevante dokument.
- Nasjonalparkstyret ved forvaltar skal inviterast med på sluttsynfaring før ny E6/E136 blir opna. Eventuelle avvik frå dispensasjonen skal rettast før opning.
- Nye Veier AS er ansvarleg for uforutsette negative konsekvensar for verneområdet som følgje av tiltaket, og kan påleggjast avbøtande tiltak.
- Dispensasjonen gjeld berre for tiltak som er skildra i søknaden og som blir vedteken reguleringsplan. Vesentlege endringar i utforming, plassering eller omfang skal leggjast fram på nytt for nasjonalparkstyret.

2. Planar, dokumentasjon og godkjenningar

Situasjonsplanar som skal godkjennast av nasjonalparkstyret før gjennomføring:

- Parkeringsplass ved Utøyan og Skirimoen.
- Revegetering og omdanning av tidlegare motorveg til traktorveg ved Kjerkjefossen.
- Eventuelle nye garasjer ved Nordre Flatmark og Skirimoen.
- Tilrettelegging av sti ved Utøyan.

Planar og kartleggingar som skal sendast til nasjonalparkstyret før anleggsstart/driftsstart:

- Kartlegging og registrering av framande artar i anleggsområdet sommaren før anleggstart.
- Tiltaksplan for fjerning av framande artar i anleggsperioden og i ein tiårsperiode etterpå.
- Plan for handtering av auka turisme som følgje av betre tilkomst i det omsøkte området (spesielt med tanke på parkeringsplassar ved Utøyan og Skirimoen).
- Miljøplan som skal følgjast av totalentreprenør.
- Anleggsplan og marksikringsplan som sikrar verdifulle natur- og landskapselement, inkludert vegetasjon, rasblokker og kulturminne. Kartlegging av store furutre og rasblokker innanfor anleggsbeltet som kan bevarast skal inn i marksikringplanen.

3. Framande artar og revegetering

- NINA-rettleiaren *Hensyn til naturmangfold i veiplanlegging* (2023) skal leggjast til grunn for gjennomføring av tiltak og revegetering.
- Revegetering skal skje ved naturleg revegetering med stadeigne toppmassar. Det skal ikkje nyttast tilsåing. Stadeigne busker og tre som kan takast til side og bevarast, skal brukast ved revegetering langs elvekant, sideterreng og rasvoll. Spesielt ved Rygghølen skal det særleg leggast vekt på å bevare og mellombels lagre tre, buskar og botnvegetasjon for seinare gjenbruk i revegeteringa av rasvollen.
- Massar som inneheld framande, skadelege artar skal ikkje gjenbrukast, men handterast på godkjend måte.
- Det skal gjennomførast forsvarleg reinhald av køyretøy, maskiner og utstyr for å hindre spreiing av framande artar.
- Nye Veier AS har ansvar for overvaking og fjerning av framande artar innanfor vernegrensa i anleggsperioden og i fem år etter opning av vegen.

4. Terrenginngrep og landskapstilpassing

- Estetisk strategiplan for E136 Flatmark-Marstein skal leggjast til grunn for gjennomføring av tiltak.
- Mellombelse fyllingar og arbeidsområde skal tilbakeførast til opphavleg tilstand før vegen opnar.

- Handterbare steinblokker og stadeigen toppjord skal takast vare på og nyttast ved etablering av sideterreng. Store blokker som må flyttast, skal delast på ein måte som gir eit naturleg uttrykk.
- Steinblokker skal i størst mogleg grad leggjast tilbake med den overgrodde sida opp.
- Jernbaneundergangen bør plastrast med naturstein.

5. Naturmiljø, vassmiljø og fysisk sikring

- Inngrep i bekkar og kantsoner skal avgrensast til eit minimum.
- Ved bekkekryssingar skal det nyttast mellombelse kulvertar som reduserer risikoen for forureining.
- Dersom inngrep i bekkar eller kantsoner er uunngåelege, skal desse reetablerast med opphavleg bunnsubstrat og toppdekke etter avslutta arbeid.
- Overvatn frå vegstrekningar ved Nordre Flatmark, Jetmundhølen og andre område med nærføring til Rauma elv skal reinsast gjennom eigna løysingar. Avrenning frå rigg- og anleggsområde som kan innehalde olje, kjemikaliar eller partiklar skal hindrast eller reinsast før utslepp.
- Ved tiltak i og langs elv skal kantsoner ivaretas. Der kantsonen blir ødelagt, skal denne revegeteres med vegetasjon frå anleggsområdet.
- Erosjonssikringa skal utformast som beskrive i søknaden for å gje skjul og betre skjul for fisk og skape ein meir naturlik kantsone mot elva. Habitatforbetrande tiltak i felt skal utførast i samarbeid med fagkunnig fiskebiolog.
- Fyllinga skal byggjast med stein og blokker frå eksisterande fyllingar og nye skjeringar i anleggsområdet.
- Dagens fiskevandring i samband med dammane på Skiri/Utøyan skal ivaretakast. Tiltak som inneber kryssing av vassystema/dammane (tidlegare elveløp) langs Skiri/Utøyan, skal gjennomførast ved bruk av tilpassa kulvertløysingar som tek vare på fisken sine vandringsmoglegheiter. Statens vegvesen sin rapport *«Frie fiskeveger»* skal leggjast til grunn for utforminga.

7. Avfall og miljøoppfølging

- Avfall skal ikkje spreiast i naturen. Avfall på avvege skal samlast inn og sorterast for gjenvinning.
- Entreprenøren skal ha ein miljøkoordinator med relevant miljøfagleg kompetanse

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Tidlegare uttaler og brev frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen

- *Romsdalen landskapsvernområde - E136 Flatmark-Monge Marstein - varsel om oppstart av reguleringsplan og høyring av planprogram - uttale nasjonalparkstyret for Reinheimen.* Sendt : 23.04.2019.
- *Romsdalen lvo- E136 Flatmark-Monge- høyringsuttale til planprogram med fire alternativer.* Sendt: 23.09.2020
- *Kommentar til endringar i planprogram: E136 Flatmark - Monge – Marstein* 22.10.2020
- *Merknader til planprogram for E136 Flatmark - Monge - Marstein, etter informasjonsmøte 14.12.20.* Sendt: 19.01.2021
- *Informasjon frå Nasjonalparkstyret i Reinheimen angåande vegutbygging E-136 gjennom Romsdalen landskapsvernområde.* Sendt: 15.07.2021
- *Vedtak Uttale til høyring av planprogram - reguleringsplan Rauma - E 136 Flatmark - Marstein*. 25.09.2024

Planprogram og reguleringsplaner sendt på høyring frå SVV og Nye Veier AS

- *Varsel om oppstart og høring av planprogram - Reguleringsplan - E136 Flatmark - Mon ge – Marstein.* 06.03.2019*Informasjon frå Nasjonalparkstyret i Reinheimen angåande vegutbygging E-136 gjennom Romsdalen landskapsvernområde.* Sendt: 15.07.2021 frå SVV
- *E136 Flatmark-Monge-Marstein - reguleringsplan - høyring av nytt alternativ mellom Flatmark og Skiri.* Sendt 08.07.2020 frå SVV
- *Merknader frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen til planprogram for E136 Flatmark - Monge*
- *Marstein, etter informasjonsmøte 14.12.2020.* Sendt 26.03.2021 frå SVV
- *Til uttalelse - oppstart - planprogram - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark – Marst ein.* Frå Nye Veier AS. Motteke 03.03.2024
- *Vedtatt planprogram - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark – Marstein.* Frå Rauma *kommune.* Motteke 18.11.2024
- *Til uttalelse - høring - del 1 - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark – Marstein.* Frå Rauma kommune. Motteke 19.11.2025
- *Til uttalelse - høring - del 2 - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark – Marstein.* Frå Rauma kommune. Motteke 19.11.2025
- *Til uttalelse - høring - del 3 - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark – Marstein.* Frå Rauma kommune. Motteke 19.11.2025
- *Søknad frå Nye Veier AS om dispensasjon fra Romsdalen landskapsvernområde.* Sendt 02.06.2026
- Reviderte planbestemmelser ettersendt 10.09.2026

Saksopplysningar

Nye Veier AS søkjer om dispensasjon frå verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde for bygging av ny E136 på strekninga Flatmark–Marstein.

Delstrekning 1 og delar av delstrekning 2 ligg innanfor landskapsvernområdet (sone B).


Tiltaket byggjer på alternativ 1a, som nyttar mest mogleg av eksisterande veg/trasé og «utfordrar krav» (smalare veg, 8,5 m totalbreidde), i tråd med styret sitt innspel av 23.09.2024.

Søknaden omfattar m.a.:

- Retting av kurvatur ved Kjerkjefossen/Jetmundhølen
- Fylling/erosjonssikring i Rauma elv ved Nordre Flatmark og Jetmundhølen
- Ny jernbanebru
- Nærføring til Skirimoen/Skirigardane, riving av to garasjar
- Skredvoll ved Mongeura
- Nedskalering av gamal veg til driftsveg/tursti


Søknaden

Nye Veier AS søkjer om dispensasjon frå verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde for å kunne gjennomføre reguleringsplanen for E136 Flatmark–Marstein.




Figur 1 Romsdalen landskapsvernområde vist med grønn farge, plangrense for E136 Flatmark-Marstein vist med svart stiplet linje.

Strekninga går gjennom sone B i landskapsvernområdet, frå Søre Flatmark til Hjellhølen, og er ei av dei smalaste og mest kurverike delene av E136, med dårleg trafikksikkerheit, låg standard og stor sårbarheit for flom og skred. Nye Veier ønskjer i hovudsak å følgje eksisterende trasé og gjenbruke dagens veganlegg, men veibredden må aukast frå dagens varierande bredde til ei regulert bredde på 8,5 meter.



Figur 2 Strekning E136 Flatmark – Marstein (rød linje).




Figur 3 Normalprofil for veibredde med 8,5 meter.




Figur 4 Kulturlandskapet på Skirimoen med Rauma og Kjerkjeura i bakgrunnen.


Dei konkrete tiltaka som er omsøkt handlar først og fremst om utretting av dei skarpaste kurvene på strekninga – blant annet ved Kjerkjefossen, Jetmundhølen, Skirimoen og vest for Skirigardane – for å tilfredsstille krav til minste kurveradius.



Figur 5 Veiløsning ved Nordre Flatmark, Kjerkjefossen og Jetmundhølen.



Figur 6 Veiløsning Skirimoen



Figur 7 Foreslått veiløsning mellom Skirimoen og Skiri.



Figur 8 Foreslått veiløsning mellom Skiri og Utøyan.

Dette medfører skjæringer inn i jernbanefyllinga på fleire punkt, som sikrast med jordnagling og forblendingsmurar, samt ei ny jernbanebru og skjering gjennom Kjerkjeura, der ura skal tas ut, mellomlagras og reetablerast langs den nye vegen for å bevare landskapskarakteren så langt som mogleg. Eksisterande jernbaneundergang ved Skirimoen skal behaldast for å sikre tilgang til elveområdet.



Figur 9 Foreslått veiløsning mellom Utøyan og Hjellhølen.




Figur 10 Til venstre, dagens fylling langs E136 ved Nordre Flatmark. Til høyre, Visualisering av reetablert fylling ved Nordre Flatmark. Ordnet steinfylling med et rauset steinlag med store steiner i nedre del.

Langs Rauma ved Nordre Flatmark og Jetmundhølen er det søkt om ny erosjonssikring av veifyllingane, som i dag har dårleg bereevne og allereie påverka av erosjon. Løysinga inneberer ei mindre utviding av fyllingane ut i elva (3–4 meter over ca. 60 meter ved Nordre Flatmark), med plastra steinfylling i 1:1 helning og etablering av eit rausa steinlag som skal gi skjul for fisk og ein meir naturleg kantsone.




Figur 13 Dagens situasjon langs Jetmundhølen.




Figur 11 Snitt som viser ny situasjon langs Nordre Flatmark.



Figur 12 Illustrasjon som viser fylling ved Nordre Flatmark




Figur 14 Snitt som viser ny situasjon øverst i Jetmundhølen.



Figur 15 Snitt som viser ny situasjon nederst i Jetmundhølen.



Figur 16 Utsnitt fra 3D-modell ved Jetmundhølen. Illustrasjonen viser blant annet mut mot jernbanen, erosjonssikring mor Rauma elv og etablering av fiskeskjul ved fyllingsfoten.



Figur 17 Tverrprofil ved Kjerkjeura, med reetablering av ura i veiskjæringene. Dette legges opp så bratt som mulig, slik at den permanente inngrepssonen begrenses.




Figur 18 Illustrasjon av veiskjæring gjennom Kjerkjeura.



Figur 19 Visualisering av ny jernbanebru og veien forbi Skirimoen, der den blir lagt parallelt med jernbanen, slik at den gamle veien blir tilgjengelig som driftsvei og for gående og syklende.




Figur 20 Illustrasjon, mulig utforming av ny bru for jernbanen, sett fra Skirimoen, med den gamle undergangen tll høyre i bildet, som vil tilgjengeliggjøre Rauma fra gamleveien helt frem til Jetmundhølen.



Figur 21 Snitt som viser ny vei parallelt med jernbanen. Den gamle veien nedskaleres til landbruksvei og beholdes som en viktig kobling mellom Skirimoen og Skiri. Rasblokker flyttes om mulig, slik at de vil forbli del av sideterrenget.


Ved Mongeura søkjer ein om å byggje ei ca. 300 meter lang skredvoll med mur og fanggrøft for å sikre vegen mot skred, eit tiltak som vil skjære seg inn i dalsida og krevje revegetering

av skråningane for å oppnå naturleg uttrykk over tid.



Figur 24 Snitt av skredvoll ved Mongeura. Illustrasjon: AAV


Figur 23 Visualisering av skredvoll sett fra veien. Illustrasjon: AAV


Figur 25 Visualisering av utvidet grøfteprofil og fjellskjæring ved Rygg.

På strekninga Utøyan–Mongemoen og ved Rygg søkjer ein om utviding av grøfteprofilet inn mot fjellsida for å sikre mot nedfall og skred.

Delar av dagens veg som blir liggande igjen etter omlegginga – mellom Jetmundhølen og Skiriundergangen, og mellom Skirimoen og Skiri – søkjer ein om å nedgradere til drifts- og turveg for gåande og syklande, med fjerning av vegutstyr og redusert bredde. I tilknytning til dette søkjer ein òg om ein gangkulvert under ny E136 og jernbane ved Skiri, samt mindre parkeringsplassar ved Skirimoen og ved gamlevegen vest for Skiri.


Figur 22 T.v. Gårdstunet Skiri med smie og rasblokk til høyre i bildet. T.h. vann i ura vest for Skirigårdene.

Vidare inngår riving av to eksisterande garasjer ved Nordre Flatmark og Skirimoen, med tillatelse til å oppføre nye garasjer på gardstuna, samt riving av ei smie og flytting av karakteristiske rasblokker ved Skirigardane.



Figur 28 Eksisterende garasjer ved Nordre Flatmark (til venstre) og Skirimoen (til høyre) som må rives. Nye garasjer settes opp ved gårdsbebyggelsen til de to gårdene.

Rigg- og anleggsområder søkjer ein om å legge til areal mellom veg og jernbane, som i hovudsak vurderast som mindre sårbare, med krav om reversibel gjennomføring og reetablering av sideterreng, toppjord og steinblokker etter avslutta anleggsperiode.



Figur 26 T.v.: Området med grusplass vest for Skiri som er foreslått benyttet til rigg- og anleggsområde. T.h. Området mellom dagens vei og jernbanen ved Skirimoen, som er foreslått benyttet til rigg- anlegg og mellomlagring av masser



Figur 27 Anleggsområde på Flatmark mellom vei og jernbane. Her er vegetasjon holdt nede, og vurderes dermed som mindre sårbart for endringer.

Heile søknaden og planbestemmelsar ligg vedlagt.

Heimelsgrunnlag

- Naturmangfaldlova §§ 48 og 7–12
- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Reinheimen

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet

- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart

- ta vare på eit samanhengande naturområde varierande frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3, pkt. 1.1. Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

m. Omlegging og opprusting av jernbane, riksveg/europaveg, og teleinstallasjonar, samt annan infrastruktur i sone B.

Forvaltningsplan

s. 99. I Romsdalen går både E 136 og Raumabanen gjennom landskapsvernområdet. Europavegen er mykje trafikkert heile året. Ein stor del av godstransporten frå regionen går med vogntog opp Romsdalen. I tillegg er det svært stor turisttrafikk i sommarhalvåret. Det er planar om å ruste opp vegen gjennom landskapsvernområdet.

Jernbane og europaveg § 3, pkt 1.3, m
Jernbana og europavegen må følgje eksisterande trasé gjennom landskapsvern området. Berre heilt nødvendige omleggingar og opprustingar for å tilfredsstille krav til sjølve vegen/jernbana eller for å unngå rasutsette område skal tillatast etter søknad. Det er spesielt viktig at ein tek omsyn til elveløpet og bevaring av dette jfr. verneformålet i sone B, og til at område utan større tekniske inngrep skal bli skjerma mot nye utbyggingar.

Oppføring av nye bygg til formål nemnt i verneforskrifta kan godkjennast etter søknad.

s. 90 Utviding og ombygging av bygg i sone B. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til ombygging og tilbygg til eksisterande bygg i sone B til bruk i næring, dersom dette ikkje strir mot verneformålet. Det er ingen øvre grense for tilbygg til bustadhus for fastbuande eller for driftsbygningar og uthus i tilknyting til desse.

Friluftsliv (s. 91): 7.4.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Store delar av Rauma kommune generelt og området innafor Romsdalen landskapsvernområde spesielt er registrert som internasjonalt viktig friluftsområde. Denne vurderinga er basert på eit einestående og særprega vakkert natur- og kulturlandskap. I dalbotnen er det også grov blokkmark, og på Skiri er det eit buldrefelt som er internasjonalt kjent.

7.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar

Reiselivet i området er basert på aktivitetar knytt til friluftslivet, slik som fotturisme, klatring, jakt og fiske (jf. avsnitt 7.4 om friluftsliv). Natur- og kulturlandskapet har også nasjonale verdiar. Saman med stor ferdsel langs E 136 gjennom Romsdalen bør dette gi gode føresetnader for næringsutvikling innan reiseliv både i hovuddalføret og i Brøstdalen. Området blir marknadsført og brukt i samband med kommersielle aktørar på Åndalsnes.

Naturmangfaldlova

Tiltaka må vurderes etter naturmangfoldlovens miljørettslige prinsipper i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder).

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Nye Veier AS har fått ansvar for å planleggje, utvikle og gjennomføre vegprosjektet E136 Flatmark–Monge–Marstein. Strekninga er ein del av hovudvegsambandet mellom Austlandet og Nordvestlandet.

Bakgrunnen for prosjektet er behovet for å betre framkome og trafikksikkerheit på strekninga mellom Flatmark, Monge og Marstein. Dagens veg har fleire flaskehalsar, låg standard og er ulykkesutsett, særleg på delstrekninga mellom Flatmark og Monge som ligg i Romsdalen landskapsvernområde.

Tiltaka som følgjer av reguleringsplanen er i strid med verneforskrifta sitt generelle forbod mot inngrep, og krev derfor løyve frå forvaltningsstyresmakta. Samstundes opnar verneforskrifta § 3 punkt 1.3 bokstav m, for at det kan gjevast løyve til omlegging og opprusting av riksveg/europaveg, jernbane og annan eksisterande infrastruktur i sone B. Det omsøkte området ligg i sone B, der området allereie er påverka av eksisterande samferdselsanlegg og busetnad.

Under utarbeiding av verneforskrifta var ein fullt klar over at infrastruktur, som veg og jernbane gjennom området, måtte ha ein viss moglegheit til opprusting og fornying. Derfor er det gjennom forvaltningsplanarbeidet teke høgde for at det kan vera behov for opprusting av veg og jernbane, og gjeve konkrete føringar for korleis ein må forhalda seg til vernereglane ved omlegging/opprusting av E 136.

Forvaltningsplanen for Romsdalen landskapsvernområde legg til grunn at veg og jernbane i størst mogleg grad skal følgje eksisterande traséar. Berre nødvendige omleggingar og opprustingar for å oppfylle krav til tryggleik, framkome eller rassikring bør kunne godkjennast. Samstundes skal omsynet til landskapet, elveløpet i Rauma og område utan større tekniske inngrep vektleggjast.

Det omsøkte tiltaket vil medføre naturinngrep i eit område med store landskaps-, natur- og kulturhistoriske verdiar. Romsdalen er av nasjonal verdi som kulturlandskap, og området omfattar mellom anna verdifulle kulturmarker, artsrike naturtypar, geologiske førekomstar og viktige kulturminne. Særleg vert kampesteinslandskapet ved Skiri–Flatmark og dei rike edellauvskogane framheva som sentrale verneverdiar.

Tiltaket er konsekvensutgreidd i samsvar med regelverket, og det er utarbeidd eigne temarapportar for naturmiljø, landskap, kulturmiljø og friluftsliv. Med dei vilkåra som er sette om detaljplanlegging, kartlegging, massehandtering, revegetering og handtering av framande artar, vurderer forvaltaren at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 er godt. I vilkåra sett vi at detaljeplanlegginga av parkeringsplassane må godkjennast av nasjonalparkstyret. Forvaltaren vurderer difor at usikkerheita er redusert gjennom vilkår og dermed får føre-var-prinsippet etter § 9 avgrensa vekt i vurderinga.

For dei delområda som inneber dei største naturinngrepa, mellom anna ved Nordre Flatmark, Jetmundhølen og Mongeura, er det lagt til grunn omfattande avbøtande tiltak i planen som gjer at dei negative konsekvensane for landskap og naturmiljø kan reduserast til eit akseptabelt nivå.

Nordre Flatmark og Jetmundhølen – nærføring til elva

Ifølgje Nye Veier AS er dagens vegfylling allereie utsett for erosjon på begge stadene, og ei oppgradering ville uansett vore nødvendig av omsyn til trafikksikkerheita. Det er avgrensa plass mellom elva og jernbana, noko som reduserer handlingsrommet for meir skånsame løysingar.



Figur 29 (Illustrasjon tatt frå søknaden Nye Veier AS.)

Ved å kombinere eit ordna sikringslag med eit lag av grove steinar, slik det er skissert i reguleringsplanen, vil ein både sikre elvekanten mot erosjon og etablere ei elvebreidd med naturpreg. Løysinga vil også kunne fungere som eit habitatforbetrande tiltak for fisk, mindre pattedyr og amfibium. Forvaltaren vurderer dette som nødvendige og godt tilpassa avbøtande tiltak.

Jetmundhølen – skjering i ura

Skjeringa gjennom ura ved Jetmundhølen inneber eit omfattande naturinngrep, grunngjeve med behovet for betre kurvatur på vegen og etablering av ein ny og breiare jernbaneundergang.



Figur 30 (Illustrasjon tatt frå søknaden Nye Veier AS.)

Det kan vurderast som positivt at vegen her kjem nærare jernbana slik at infrastrukturen blir samla i dalen. Med dei føresetnadene prosjektet har lagt til grunn, mellom anna bevaring og tilbakeføring av store, overgrodde steinblokker, revegetering og nedskalering av den gamle vegen til traktorveg, vurderer forvaltaren at tiltaket kan aksepterast. Dette føreset at gjennomføringa skjer i samsvar med dei føresetnadene som er lagde til grunn.

Mongeura – rassikring

Rassikringstiltaket i Mongeura er eit omfattande inngrep i Rygghølen som er eit område kartlagt som frisk lågurtskog med høg kvalitet *(Temarapport naturmangfold for reguleringsplan E136 Flatmark-Marstein Plan ID: 633101423).* Her set vi krav om at tre, busker og bunnvegetasjon som kan takast til side skal gjenbrukast ved revegetering på rasvollen. Ved bruk av stadeigen matjord og stadeigne rasblokker i revegeteringa av

skredvollen vurderer forvaltaren at nytten av tiltaket, i form av auka trafikksikkerheit, samla sett veg tyngre enn ulempene ved naturinngrepet. På denne strekninga ligg vegen mellom rasutsette område og jernbana, som igjen ligg tett opptil Rauma, noko som gir avgrensa moglegheiter for alternative løysingar.

Figur 31 (Illustrasjon tatt frå søknaden Nye Veier AS.)



Friluftsliv er omtalt i formålet med vernet etter § 2 i verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde. I forvaltningsplanen er både friluftsliv og reiseliv tillagde vekt:

«*Landskapsvernområdet skal ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, kulturminne, geologiske førekomstar og eit samanhengande og variert naturområde. Allmenta skal kunne oppleve dette gjennom eit tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av tilrettelegging*.»

Det varierte og dramatiske landskapet i Romsdalen gir store moglegheiter for friluftsliv og naturopplevingar. Rauma er ei viktig lakseelv og ein sentral ressurs både for fiske og friluftsliv. Elva har populære badeplassar, medan rasmarkene ved Skiri vert nytta til buldring, sopp- og bærsanking. Området inneheld òg fleire gamle ferdselsvegar og kulturminne som gir landskapet ein særskild historisk verdi.





Figur 32 (Bilete teke frå KU temarapport for friluftsliv for E136 Flatmark –Marstein Plan ID: 633101423 Kjelde Skiri gard nettside).

Delområdet omfattar fleire viktige fiskeplassar. Det vert fiska frå begge sider av elva, og grunneigarane nyttar robåtar for å krysse elva. Fisket har dei siste åra vore avgrensa som følgje av svak laksebestand. For fiskarar vil den planlagde løysinga enkelte stader gi betre tilgjenge til elvestrekninga via attverande delar av eksisterande veg som ligg langs elva.

I konsekvensutgreiinga for friluftsliv for E136 Flatmark–Marstein (Plan-ID 633101423) er tiltaka som er skildra i reguleringsplanen vurderte å gi ein noko positiv konsekvens. Hovudårsaka er betre tilgjenge til Rauma elv med fiskeplassar og badeplassar, samt tryggare tilkomst til friluftsområde gjennom planlagd undergang under jernbana.

Allereie i dag er området mykje nytta av både lokale brukarar og tilreisande. Prognosar for reiselivet peikar på vidare vekst i naturbasert turisme fram mot 2030, særleg blant utanlandske gjester. Dette kan gi utfordringar knytt til villcamping, parkering langs vegen, slitasje på sårbar natur og auka belastning for lokalsamfunnet.

Forvaltar vil særleg peike på utfordringane i samband med den planlagde parkeringsplassen og undergangen ved Utøyan, samt ny tilkomst og parkering ved badeplassen «Paradis» på Skirimoen.

Ved Utøyan finst det eit klatrefelt på halvøya kring Årstallsteinen og fiskeplassar lenger nord. Tilkomsten til området er i dag ikkje trafikksikker. Parkeringa ligg på nordsida av E136, og både veg og jernbane må kryssast i plan.

I reguleringsplanen er det no skissert ein kulvert eller undergang for gåande, slik at veg og jernbane kan kryssast på ein trygg måte frå den planlagde parkeringsplassen ved Utøyan. Det er ikkje vist korleis ferdsla vidare fram til klatrefeltet skal løysast. Det vil truleg vere behov for ei eller anna form for stitilrettelegging frå undergangen fram til eksisterande sti- og vegnett. Dette bør utgreiast nærare, og ein detaljprosjektert søknad må leggjast fram for godkjenning hos nasjonalparkstyret før tiltaket vert gjennomført.

Ei av dei finaste sandstrendene i området på seinsommaren ligg ved «Paradis» på Skirimoen. Området er i dag korkje skilta eller tilrettelagt for parkering. Badeplassen ligg i dag tett inntil eksisterande E136. Med ny vegtrasé vert vegen trekt lenger bort frå Rauma. Samstundes skal det leggjast til rette for køyrbar tilkomst til parkeringsplass, betre tilkomst for gåande og redusert trafikkstøy for dei som nyttar badeplassen.

Betre tilkomst til Utøyan og Paradis på Skirimoen, kombinert med etablering av parkeringsplassar, kan føre til auka bruk av områda. Det kan difor bli behov for besøksforvaltning og kanalisering av ferdsla. Forvaltaren meiner det bør vurderast å etablere informasjonspunkt som formidlar kunnskap om verneverdiane og kulturminna i området, og som gir rettleiing om sporlaus ferdsel både ved Utøyan og ved Skirimoen. Det bør òg vurderast om det er behov for sanitærløysingar for besøkande, og kven som eventuelt skal ha driftsansvaret for slike anlegg. Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan vere ein viktig samarbeidspart i dette arbeidet.

I vilkåra vert det stilt krav om at når detaljprosjekteringa av parkeringsplassane er ferdig, skal det sendast søknad til Nasjonalparkstyret for Reinheimen for endeleg godkjenning. Søknaden skal innehalde ein plan for korleis auka besøksbruk og belastning på natur og lokalsamfunn skal handterast.

Når det gjeld mellomlagring av masser og rigg og anleggsområde så er dette lagt til område som allereie er gruslagt eller som skal bli ein del av vegbana.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal påverknaden frå tiltaket vurderast i lys av den samla belastninga på økosystemet. Romsdalen er allereie påverka av eksisterande veg og jernbane. Ved at ny veg i stor grad blir lagd tett opp mot jernbanetraséen, vert infrastrukturen samla i ein felles korridor. Etter forvaltaren si vurdering reduserer dette den samla belastninga samanlikna med løysingar som ville etablert nye transportkorridorar.

Gjennom planprosessen er fleire alternativ med store konfliktar for naturmangfaldet valde bort. Det er òg gjort tilpassingar for å redusere arealbeslag og påverknad, mellom anna gjennom smalare vegbreidd og avgrensa anleggsareal.

Nasjonalparkstyret har vore involvert i planarbeidet over fleire år og kome med innspel til ulike løysingar. Eit tidlegare alternativ vart vurdert å ha uakseptable konsekvensar for verneverdiane og vart ikkje tilrådd. Dette alternativet er seinare forkasta.

Alternativet som no ligg til grunn for søknaden, følgjer i større grad eksisterande trasé og er betre tilpassa verneverdiane i området. Fleire av innspela frå Nasjonalparkstyret og dei faglege utgreiingane er innarbeidde i den valde løysinga, og prosjektet er undervegs justert og nedskalert for betre å ta omsyn til natur-, landskaps- og kulturmiljøverdiar. Forvaltaren vurderer at dette har bidrege til å redusere den samla belastninga på området.

I tråd med naturmangfaldlova § 11 skal kostnadene ved nødvendige avbøtande og avgrensande tiltak berast av tiltakshavar. Dette omfattar mellom anna revegetering, overvaking og eventuelle tiltak for tilbakeføring eller utbetring. For å sikre at tiltaket vert gjennomført ved hjelp av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, jf. naturmangfaldlova § 12, vert det stilt krav om miljøoppfølgingsplan, plan for massehandtering og relevante miljøkrav til entreprenør i anleggsfasen.

Prosjektet ligg i eit område med svært høge landskapsverdiar og viktige natur- og friluftslivskvalitetar. Samstundes er dalføret frå før prega av omfattande samferdselsinfrastruktur, og behovet for opprusting må sjåast i lys av auka krav til trafikktryggleik, flaum- og rassikring, mellom anna som følgje av klimaendringar. Vi har difort forståing for behovet for dei tiltaka som er føreslått.

I vurderinga blir det lagt særleg vekt på at den nye løysinga i stor grad samlar infrastrukturen innanfor éin felles korridor, og at det er innarbeidd omfattande avbøtande tiltak for å redusere dei negative verknadene på landskap, naturmiljø og friluftsliv. Med dei vilkåra som er sette for gjennomføring, revegetering, detaljprosjektering og oppfølging, vurderer vi at dei varige konsekvensane av tiltaket vil vere akseptable.

Parkeringsplass ved Skirimoen og ved Utøyan, eventuelle nye garasjar og sti ved Utøyan vil kreve ein ny søknad når situasjonsplanar er klar. Plan for handtering av mogleg auke av turistar skal leggast ved.

Etter ei samla vurdering meiner vi at tiltaket ikkje vil vere i strid med verneformålet for Romsdalen landskapsvernområde og kan tillatast med dei vilkåra som er sett.